

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 27.11.2008
Sakhandsamar: Åsmund Norheim
Saka gjeld: **Landsverneplanen for helsesektoren – forvalting**

Arkivsak
2008/98/008
Styresak 129/08 B

Styremøte 12.12. 2008

Bakgrunn:

I føretaksprotokollen til dei regionale helseføretaka for 2008 under pkt. 6.8., som omhandlar Landsverneplanen, er det i eige avsnitt bedd om følgjande:

"Helse Vest RHF medverkar i eit utgreiingsarbeid leia av Helse Midt-Norge RHF for å vurdere om det er behov for særskilt kompetanse på kulturminnevern i sektoren, og korleis denne i så fall bør organiserast".

Dette oppdraget vart organisert med ei arbeidsgruppe samansett av 1 representant frå kvart av RHFa. Rapport frå arbeidet vart levert til Helse- og omsorgsdepartementet via RHF-AD møtet innan fristen 31. oktober d.å.

Rapporten frå arbeidsgruppa gjer greie for dei oppgåvene som knyter seg til landsverneplanen og inneheld forslag til retningslinjer/rutinar i samband med:

- Utarbeiding av forvaltningsplanar for bygningar og eigedommar som er omfatta av landsverneplanen.
- Vedlikehald av verna bygg
- Bygningsmessige tiltak på verna bygg
- Avhending av verna bygg
- Forsikring
- Etablering og vedlikehald av database for verna bygg.

I rapporten er det vidare gjort greie for krav til kompetanse, kapasitet og organisering av forvaltningsoppgavene knytta til landsverneplanen. Dessutan føreslår arbeidsgruppa at det blir etablert ei faggruppe enten på RHF-nivå eller samla for RHF-a som skal ha følgjande oppgåver:

- Gi råd til helseføretaka i samband med utarbeiding av forvaltningsplanar for verna bygg og gjennomføring av tiltak på verna bygg
- Gi råd til RHF-a i samband med utarbeiding av detaljerte behandlingsprodedyrar for forvaltningsplanar, byggetiltak og salg, som etter retningslinjene i Landsverneplanen skal føreleggjast RHF-a, eventuelt også Helse- og omsorgsdepartementet og Riksantikvaren.
- Ivareta behov for kompetanseutvikling for forvalting av landsverneplanen på RHF/HF-nivå

Arbeidsgruppa føreslår at denne faggruppa skal bestå av to til tre stillingar med følgjande kompetanse: Arkitekt/ingeniør med kulturminnefagleg bakgrunn og etnolog/kunsthistorikar med bygningserfaring. Vidare føreslår arbeidsgruppa at faggruppa organisatorisk blir lagd til eitt av RHF-a, som også får ansvar for å betjene dei andre RHF-a, og at det blir utarbeidd ein avtale mellom RHF-a- med tilhøyrande betalingsmodell.

Ved behandling av rapporten frå arbeidsgruppa i RHF-AD møtet i september d.å. i samband med oversending av rapporten til HOD, vart det vedteke at nødvendig kompetanse skulle byggjast opp i eit interregionalt nettverk leia av Helse Sør-Aust RHF og at det ikkje skulle etablerast stillingar i eiga faggruppe.

Vurdering:

Spesialisthelsetenesta har ansvar for å følgje opp landsverneplanen og forvalte verna bygg på ein måte som samsvarar med lovverket og myndigheitspålegg. Sektoren vil måtte dokumentere ei profesjonell forvaltning som ivaretek bygga sin tekniske og vedlikehaldsmessige stand og dette skal utførast på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte. Forvaltning av verna bygg er krevjande både fagleg, økonomisk og bruksmessig. Det vil vera ei spesiell økonomisk utfordring med stort volum av verna bygg med eit generelt behov for vedlikehald, oppgradering og modernisering i tråd med nye behandlingsmetodar.

Det er eit klart behov for kompetanse på dei utfordringane som forvaltning, drift og vedlikehald av verna eigedomsmasse representerer. Men før det blir tatt nokon endeleg beslutning m.h.t. kulturminnefagleg kompetanse i helseføretaka, bør helseføretaka vinna noko erfaring med kva for oppgåver som eigentleg følgjer av landsverneplanen. Verna bygningsmasse representerer eit nytt arbeids- og ansvarsområde for helseføretaka og helseføretaka har få eksempel hittil som viser kva omfang av arbeid og kva kompetanse som er påkrevd i.f.m. utarbeiding av forvaltingsplanar og andre oppgåver som følgjer av landsverneplanen. Kunnskapen bør byggjast opp suksessivt i samsvar med erfaringane ein gjer. Adm.dir. meiner ein på nåverande stadium er best tent med ei skrittvis utvikling av kompetansen og ressurstilfanget i sektoren og at arbeidet førebels blir organisert i eit fagnettverk mellom RHFa i samsvar med beslutninga i RHF-AD møtet.

Forslag til vedtak:

1. Styret tek utgreinga i saka til orientering.

2. Styret sluttar seg til at kompetanseoppbygging innan forvaltning av verna eidedommar skjer i eit formalisert nettverkssamarbeid mellom regionane. Nettverkssamarbeidet blir følgt opp i dei regelmessige møta mellom dei administrerande direktørane i dei regionale helseføretaka.